

1.

Han

Aa du kor huga eg er aa *kvæda*
Soleis det kunde oss alle gleda.
No kjære syster du *kvæda* maa,
Da er so gildt til aa høyra paa.

2.

Ho

Aa kund eg berre so som eg vilde
Faa mine stevord aa verta gilde.
Faa mine tankar framborne bjart
Faa mine *hugmaal* aa ljosa klart.

3.

Han

Aa kjære deg vil du med meg stevja,
Daa er du gilde – eg ska kje krevja
Meir enn du avlar – eg veit du har
Daa mykje gildt i ditt tankekar.

4.

Ho

Ja skal eg kveda so vil eg byrja,
Um ting me ungdomar for skal syrgja,
Me trengja meir enn aa være *kaat*
Aa ta ein svingom felalaat.

5.

Han

Da kan so være ein er for *glamsen*
For glad i fela for kjær i dansen.
Men spel aa dans er uskuldugt da
Da er kje styggt aa det gjer kje ska.

6.

Ho

Du hev kje syn paa den ska da gjere,
So derfor hev du dei ting so kjære
Men tenk no paa um dei deg bedrog
Soleis at dei tek din heile *håg*.

7.

Han

Paa fela spela aa hoppa dansa,
Kan ikkje virka paa vit aa sansa,
Men drikk ein attaata daa er det galt
Daa veit eg mange hev illa *balt*.

8.

Ho

Du veit no sopass du veit dessverre,
Ein *udom* gjere den andre verre.
At slike *hugmaal* dei skjemma ut
Hev skjemt so mang ein truskyldig gut.

9.

Han

Eg høre da, du er burt i villa
Aa for ein ungdom so er da illa
Naar det so verdi hev *vyrda* stort
Vert so fortrengt aa *tilinkjes* gjort.

10.

Ho

Me er *forgode* um slikt aa kveda
Me skulle alle *udomar hæda*
Dei fine strengjer i ungdoms bryst
Dei misser tonen i slik ein lyst.

11.

Han

I spæl aa dans er det folkje trivast
I svir aa rus er folk upplivast
Den halva verdi aa vel so da
I denna *hurva* si hyggja ha.

12.

Ho

Eg vil kje *røda* um ditta styggja,
Me hava *hugmaal* so meir kan hyggja
Me meir skull øv oss i elsk aa tru,
Aa! – kun me elska baa eg aa du.

13.

Han

Ja tru aa elska eg ville gjerna
Fraa øvsta krana, til ysta tærna,
Me jamt eg høyre de saart aa svert
Naar den so elskar han narra vert.

14.

Ho

Alt so er sanning aa so er grunda
Paa tru aa elsk da gjeng aller unda,
Kvar man aa kvinna, kvar ærleg sjel
Dei maa ein elska aa *vyrda* vel.

15.

Han
Kor du er huga, te snu aa venna
Faa mine *hugmaal* te svi og brenna.
Faa meg aa tru at det gjeng kje vel
Med ei so elskar *baa* drykk aa spæl.

16.

Ho
Dei gutar so etter rusdrykk rennar
Me gjentor vil inkje ha til mennar.
Men mennar vilja me alle ha
Med slike *hugmaal* so gjer oss gla.

17.

Han
Med tru aa elsking det aa gjeng gale.
So jamt me høyra de ilt aa *bale*.
Aa inn imillum det ymist gaar
De fælsleg *frettna* ein stundom faar.

18.

Ho
At vond er verdi det maa du vita
So det er faae ein paa kan lita,
Men Gud skje lov for me ungdom hev
So tenkjer klaart, i eit ærlegt strev.

19.

Han
De vondt aa festa i mine tanka
At mykje meir eg fekk laurbær sankar,
Um eg forsaka *baa* drykk aa spæl.
Aa hata slikt i mi insta sjel.

20.

Ho
Dei so i verdi hev stelt seg daarleg
Dei seia verdi er falsk aa faarleg.
Men verdi ho er dan sama ho,
Men menneskje er av ymist *to*.

21.

Han
At her i verdi ein kjem i villa,
Ein fære vel aa ein fære illa
Det solei gjeng heve gjenge so
Fraa fader Adam aa inn til no,

22.

Ho
For dei so vilja med verdi leika
Dei vyrda lite paa kven so preika.
Eg tenkte smaatt du kan vyrda ,
Aa eg so smaatt fenge elsk til deg.

Ref foto St_s4.TIF